

Herleif Kåre Tvedt
Reikeråsvegen 140
5913 Eikangervåg

Søknad om endring i matrikkelføring – gammalt gardshus gbnr 25/2

Gamlehuset på garden med gbnr 25/2 har adresse Reikeråsvegen 141. Dette huset er pr. i dag ueigna til bustadformål. Sist det budde nokon i huset var bror til eigar som døydde i 2015. Han flytta på heim i 2014, allereie då var huset i ein stand som ikkje tilfredstiller dagens krav.

Me slit med at det vert krevd renovasjonsavgift for boss og får stadig rekningar på huset sjølv om det er meldt frå om at ingen kan bu i huset. NGIR krevde innlevering av bosspanna då det fyrste gong vart meldt frå om at huset var ubebudd og det er jo greitt når dei ikkje skal vere i bruk. Men at ein likevel skal måtte betale for henting av boss som er ei teneste som ikkje vert nytta er for oss uforståeleg.

Huset har i tillegg fått krav om skifte av septiktank før det kan gis lovleg utsleppsløyve. Saka vart avslutta med krav om søknad om nytt utsleppsløyve den dagen dette vart fiksa og huset vart tatt i bruk. Huset er heller ikkje kopla mot offentleg vatn, det har eigen brønn.

Av den årsak og at huset ikkje er eigna til bustadformål, vart huset overført til historisk i kommunen sitt register for å kunne sleppe framtidig fakturering for slam. NGIR føl ikkje dette då det i matrikkelen står oppført som bustadhus.

For eldre folk er det vanskelig å hugse på å sende inn søknad om fritak årleg. Det er heller ikkje lett å forstå kvifor matrikkelen skal vere styrande for avgifter på tenester som ikkje vert eller kan nyttast. Det er uforståeleg at tenester som ikkje er i bruk skal måtte betalast for.

Det har vore fritak frå renovasjon sidan 2015 og etter at kravet om ny septik vart avslutta med vedtak om at eigar måtte melde frå dersom huset vart renovert for på nytt å kunne nyttast til bustadformål, har det og vore fritak for slam og.

Dette året vart det gløymt å sende inn fornying av vedtaka. NGIR nektar å kreditere for 1. kvartal og eigar må betale for ei teneste som ikkje har vore utført. Dei viser berre til at dette er bustadhus i matrikkelen og ein må soleis betala alle avgifter i samsvar med forskriftene. Håplaust å forholde seg til dette, når matrikkelen er det einaste som gjeld. Kva skal til for å få eit endeleg fritak?

Har snakka litt med personar som har kjennskap til matrikkelen. Det skal finnast ein kode som ein kan legge inn og som heiter noko slikt som «bygg utgått av andre årsaker». Eit hus som ikkje er planlagt revet eller brent ned burde kunne avregistrerast i forhold til kommunale avgifter på lik linje som revne og nedbrente hus vert når det ikkje er tenester knytt opp mot bygget og det er ueigna for det formålet det i si tid var meint for.

Ein slik kode burde kunne leggest inn på denne type hus som berre står å forfell og kor folk ikkje kan bu. Reknar med at dette ikkje er det einastast bygget i kommunen kor dette er relevant.

Huset det her er snakk om er skadd av fukt. Taket var planlagt fiksa av tidlegare bebuar for over 25 år sida, men vart aldri utført. Det er synlege vannskader gjennomgåande i heile huset. Vindaugskarmar er skadd av råte fleire stader. Me er redd for at heile reisverket for taket er råttent og me driv med sporadisk lapping for å unngå at taket skal rase saman. Det krev ei investering på halvanna million om ein skal få huset tilbake til ein standard som er eigna for at nokon skal kunne bu der. Huset er ikkje eigna for ei enkel natts overnatting slik standen er pr. i dag. Det fins heller ingen planar om å setje huset i stand då det ikkje er midlar til dette i familien.

Leggg ved nokre bilete som syner kva det her er snakk om.

Eigar ynskjer å få endra matrikkelen med kode for «bygg utgått av andre årsaker» slik at huset ikkje lenger er registrert som eit ordinært bustadhus. Me håpar at det skal kunne lette belastninga for eigar som ikkje har kapasitet til å følgje opp med årlege søknader om fritak.

På vegne av Herleif Kåre Tvedt og familien

Mvh
Irene Wilhelmsen
Grovavegen 71
5913 Eikangervåg























